



Sveinung Skjelvik  
Lyngvegen 25  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/17348 - 20/71660

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:  
11.11.2020

## Løyve til utslepp av avløpsvatn frå baseng - gbnr 502/46 Valdersnes

**Administrativt vedtak:**      **Saknr: 1213/20**

**Byggestad:**                      Gbnr: 502/46  
**Tiltakshavar:**                  Sveinung Skjelvik  
**Ansvarleg søkjar:**              Sveinung Skjelvik  
**Søknadstype:**                  Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

### VEDTAK

**Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for basseng på gbnr. 502/46 Valdersnes på følgjande vilkår:**

- 1. Utsleppet vert gjeve for symjebasseng med storleik på om lag 27 m<sup>3</sup>.**
- 2. Bassengvatnet skal reinsast før det vert ført til terreng.**
- 3. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstillast krav i Forskrift om begrensning av forureining, § 12-7.**
- 4. Tiltaket er søknadspiktig etter Plan- og bygningslova. Søknad om løyve til tiltak må sendast inn av kvalifisert føretak og godkjennast før arbeidet kan setjast i gang.**

### Saka gjeld

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for basseng på gbnr. 502/46 Valdersnes.

I søknaden er det opplyst at utsleppet frå bassenget vert reinsa ført det vert ført vidare til terreng.

Det vert elles vist til søknad mottatt 23.10.2020 og supplert 02.11.2020.

### Planstatus

Eigedommen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplan for Radøy er definert som område for LNF-spreidd busetnad.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### **Uttale frå anna styresmakt**

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

### **Plassering**

Plassering og utsleppsstad er vist i kart vedlagt søknaden.

### **VURDERING**

Søknaden om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast med utslepp til terreng.

### **Godkjenning etter andre lovverk**

Før arbeidet med etablering av anlegget kan setjast i verk må det søkjast om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova. Både søknadsprosess og utføring må takast i vare av eit kvalifisert føretak som kan godkjennast som ansvarshavande innafør ansvarsområdet ansvarleg søkjer, ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande

Søknad om løyve til etablering av avløpsanlegg etter plan- og bygningslova vert handsama i eige vedtak i saksnr. 20/15600.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Klage**

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Ansvar**

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

### **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

**Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet**

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/17348**

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Silje Haukedal  
Avdelingsleiar

Hogne Askeland  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Sveinung Skjelvik

Lyngvegen 25 5914

ISDALSTØ